



Kirsten Marthinsen

Dato: 24.02.2014

Vår ref.: 2014/294-2

Dykkar ref.:

## Tesgjolo småkraftverk i Voss kommune - supplerande biologisk utgreiing - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Viser til epost sendt 29.11.2013 der Hordaland fylkeskommune er bed om å gje fråsegn til ekstrahøyring av Tesgjolo Kraft AS si søknad om utbygging av Tesgjolo Kraftverk i Voss kommune.

Fylkesutvalet handsama i møte den 30.01.2014 sak 15/2014 og gjorde vedtak av følgjande fråsegn:

1. *Hordaland fylkeskommune meiner at dei supplerande biologiske undersøkingane, i tillegg til dei opphavlege undersøkingane frå 2006, gjev nok opplysningar til å fatte eit vedtak.*
2. *Hordaland fylkeskommune ser positivt på framlagd søknad om bygging av småkraftverk ved elva Tesgjolo (Tesgjolo Kraft AS).*
3. *Det vert lagt vekt på at elva Tesgjolo høyrer til eit verna vassdrag, og her er det ikkje lov å bygge kraftverk større enn 1 MW. I tillegg skal ikkje tiltaket svekke verneverdiane i området nemneverdig.*
4. *Ei regulering vil ha negativ verknad på artar knytt til sjølve vasstrekken og nærområdet til desse. Dette gjeld spesielt fuktrevjande planteartar, kryptogamflora og fuglearter som fossekall, strandsnipe, linerle og vintererle. Rapport for supplerande biologiske undersøkingar foreslår følgjande avbøtande tiltak: 1) Det er anbefalt at tiltaka vert gjort så skånsamt som muleg. 2) Minstevassføring og spyleflauvar. 3) Tersklar for lav- og moseartar i bekkeklofta og i fossesprøytsona. Hordaland fylkeskommune støttar anbefalinga.*

Saken er også lagt ut på nettstaden <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Energi/Energipolitiske-vedtak-2014/>

Gudrun Mathisen  
Klima og naturressurssjef

Kjetil Sigvaldsen  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

